

Framleis vekst

Valprogram 2015 – 2019



Voss Arbeidarparti



Kjære veljar

Eit nytt kommuneval står for døra. Me har snart lagt bak oss ein valperiode med stor aktivitet i bygda vår. Noko av det fyrste eg oppdaga etter at eg vart ordførar, var det positive biletet alle hadde av Voss. Me har eit omdøme som ein attraktiv plass som mange kommunar berre kan drøyma om.

Og, det er nettopp denne optimismen og framtidstrua me må ta med oss inn i ein ny valperiode. Me har vist at det er mogleg å lukkast, at det er mogleg å få gjort noko.

Me kjem likevel ikkje utanom at starten av valperioden vart prega av store økonomiske utfordringar. Her samla det politiske miljøet seg og tok vanskelege avgjerder for å får økonomien på fote att. Der er me i dag, med orden i økonomien.

Det er umogleg å lista opp alt som har skjedd dei siste åra, men noko bør nemnast. Vangstunnelen står som eit symbol på realisering av noko me har venta lenge på. Gjennom den har også miljøet på Vangen blitt betra. Åra har òg vore prega av mange store arrangement. Dei årlege arrangementa i lag med dei meir sporadiske har sett Voss på kartet.

Ved sist val gjekk Voss Arbeidarparti til val på følgjande slagord: Ny vekst for Voss. Det er då positivt at me har sett verdsrekord i talet på vossingar. Innbyggjartalet er no omlag 14350, og me har klart å snu ei negativ utvikling. Framleis vekst for Voss vil vera viktig også i tida framover.

Hans-Erik Ringkjøb

Ordførar og ordførarkandidat

Bustadpolitikk og bustadbygging



På Voss har det over lang tid vore for få bustader til sals.

Ein stram bustadmarknad har ført til høge prisar.

Den nye kommuneplanen løyser problemet med nok areal til bustadbygging. Utfordringa framover er mellom anna å få til ein større variasjon i bustadane som vert bygde, slik at alle grupper kan koma inn på bustadmarknaden.

I den neste valperioden vil Voss Ap

- halda oppe takten i bustadbygginga og sikra større variasjon i bustadmarknaden gjennom eit eige bustadprogram.
- ta initiativ til at det vert bygd rimelege bustader for mellom anna fyrstegongsetablerarar.
- arbeida for at så mange bustader som mogleg skal liggja i gang- og sykkelavstand frå Vangen og nær andre lokalsentra i kommunen der me allereie har utbygd infrastruktur.

Samferdsel og infrastruktur



Voss er eit knutepunkt for transport, og dei siste åra har me opplevd at store prosjekt slik som Vangstunellen er realisert.

Trass i dette og andre prosjekt, står det mykje att for at vegane i vårt område stettar dagens og framtidens krav.

Auka satsing på infrastruktur, ikkje minst internt i kommunen, må til.

Voss Ap vil

- auka budsjettet til vedlikehald av kommunale vegar
- laga ein vegplan som viser kva vegar som skal utbetrast og når dei skal ferdigstillast
- vera tydelege i våre krav til sentrale styresmakter om utbetring av E16 og Vossebana
- støtta utviklinga av Voss som knutepunkt for kollektivtransport i indre Hordaland.
- støtta etablering av breiband og fiber i heile kommunen, og aktivt søkja statlege midlar til utbygging av breiband- og fibernett.

Helse og omsorg

Det er omfattande tenester som skal leverast innan helse og omsorg. Frå helsesøster når ein er nyfødd til eldreomsorg når ein får trong for det. Me veit òg at me vert fleire eldre og færre som kan ta seg av oss. Av den grunn må me leggja til rette for god omsorg og god førebygging, slik at me kan bu heime så lenge som mogleg. Vidare må me ha bustader som gjer det lett å bu heime. Velferdsteknologi vil bli meir og meir aktuelt i åra som kjem. Her må Voss kommune vera i front, slik at me kan gje omsorg til alle som har trong for det.

Voss Ap vil

- leggja til rette for at eldre kan bu heime så lenge som mogleg
- ha gratis tryggleiksalarm til alle som treng det
- sikra at «Vossmodellen» for rehabilitering vert ein del av tenestetilbodet, og leggja til rette for auka bruk av dagtilbod
- styrkja og vidareutvikla det førebyggjande arbeidet.
- sikra barn og unge gode tilbod gjennom helsesøsterteneste, psykologteneste og barnebustad/avlasting
- etablera heildøgntilbod på Udlabutomta etter same modell som på Vossestrand
- byggja fleire universelt utforma bustader for vaksne funksjonshemma
- utvikla tilboda til menneske med psykiske lidingar og rusrelaterte plager
- styrka samarbeidet med NAV, arbeidstreningsinstitusjonar og atføringsbedrifter, mellom anna ved å få fleire praksis- og arbeidstreningsplassar
- styrka Voss sjukehus gjennom eit tett og forpliktande samarbeid

Næringspolitikk og næringsutvikling



Dei viktigaste grepa innan den lokale næringspolitikken er å legge til rette for at næringar kan utvikla seg.

Gjennom areal i Voss Næringspark og på Tvildemoen, har Voss

kommune sikra tilgang til næringsareal for ulike typar verksemdar.

Vidare handlar næringsutvikling om å leggja til rette for dei som vil satsa. Gjennom Næringshagen på Voss og samarbeid med kommunen, har gründerar fått meir hjelp og støtte. Ein aktiv næringspolitikk vert svært viktig også i åra som kjem

Voss Ap vil

- byggja vidare på våre rike tradisjonar innan reiseliv og landbruk
- utvikla dialogen med næringslivet mellom anna gjennom kontaktforumet mellom kommune og næringsliv.
- gje Næringshagen på Voss ressursar til å støtta og hjelpa nyetablerarar og vidareutvikla kompetansen i næringslivet.
- styrkja Næringsavdelinga til kommunen og gje den ei meir aktiv rolle i næringsutviklinga i kommunen.
- gjera Voss Næringspark (Istadmyrane) meir attraktiv gjennom ei aktiv utvikling av parken og styrking av infrastrukturen i området.
- sikra kommunen ei aktiv rolle i planlegging og regulering av framtidig bruk av Bømoen.

Eit vitalt bustad- og handelssentrum



Framtida til Vossevangen har fått mykje merksemd dei siste åra.

Vossevangen møter sterk og aukande konkurranse.

Slik Voss Ap ser det, er ei av våre største utfordringar framover å sikra Vangen som bustad- og handelssentrum. Det er viktig for alle oss som bur på Voss å ha eit levande sentrum. Det handlar både om å sikra dei næringsdrivane, men også å gjera Voss til ein attraktiv plass.

Voss Ap vil

- leggja til rette for eit effektivt og målretta samarbeid mellom offentleg forvaltning, næringsliv, handelsstanden og andre aktivitetsskaparar på Vangen
- gjera Vangen og nærområdet meir attraktivt på heilårsbasis ved å byggja fleire bustader og leggja til rette for fleire aktivitetar og gode møteplassar
- fortsetja arbeidet med estetisk opprusting av Vangen sentrum
- auka tryggleiken for dei mjuke trafikantane, og skapa auka trivsel mellom anna gjennom lyssetting og miljøprioritert gjennomfart
- seia nei til kjøpesenter utanfor sentrum
- etablera ei felles parkeringsordning for heile sentrum og innføra fri parkering ved store tilskipingar

Turistbygda Voss – Best i test!



I vinter gjennomførte Dagens Næringsliv ei vurdering av skidestinasjonane i landet.

I den kåringa vart Voss "best i test". Det var variasjonen i alle

tilboda, breidda me kunne tilby, som var avgjerande for at Voss vart nummer 1.

Det er eit fantastisk utgangspunkt å ta med seg for å vidareutvikla turistbygda Voss. Me har alt som skal til for å kunna vera med på utviklinga av reiselivet, som mange ser som "framtidens olje".

Voss Ap vil

- gjera Voss til eit attraktivt reisemål både sommar- og vinterstid.
- stimulera til eit godt samarbeid mellom Voss Resort, Myrkdalen Fjellandsby og Voss tur- og skisenter, slik at turistane framleis opplever dette som den beste vintersportsstaden i Noreg.
- styrkja kulturtradisjonar og turisme gjennom tettare samarbeid.
- synleggjera det breie kultur- og aktivitetstilbodet Voss kan tilby og etablere ei ordning med eit eige "Visit Voss"-kort.

Kommunen vår

Kommunen er viktig for oss gjennom heile livet, og difor blir det viktig at det vert levert gode tenester og god service.

Gjennom dei fire åra som er gått, har me opplevd både ris og ros til kommunen, og det med rette.

Det som uansett er avgjerande, er at me er tydelege på at dei tilsette i Voss kommune er vår viktigaste ressurs. Å satsa på dei tilsette er å satsa på gode tenester. I tillegg skal kommunen vera til for innbyggjarane, og vegen fram til dei som fattar vedtak skal vera kort.

Voss Ap vil

- arbeida aktivt med å styrkja kommunen sitt omdøme og rolle som tenesteytar overfor innbyggjarane
- gjera det enklare å vera innbyggjar gjennom ordningar som søknader på nett, fleksible opningstider og låg terskel for å få kontakt
- halda fram med open-dør-politikken, der ordførar og politikarar er tilgjengelege for innbyggjarane
- betra og utvida informasjonen om offentlege tilbod, tenester og tilskotsordningar
- gjera det til ein hovudregel å lysa ut heiltidsstillingar i kommunen
- auka talet på kommunale lærlingeplassar
- utvikla Voss kommune som arbeidsplass for å sikra eit godt arbeidsmiljø og god rekruttering.

Kultur og idrett



Innan kultur og idrett står Voss i ein særklasse.

Få plassar på vår storleik, kan visa til så omfattande tilbod innan kultur og idrett. Få kan tilby så mange arrangement.

Dette særtrekket er viktig for å ta vare på kulturen vår, og for å halda folk i aktivitet. Me har sagt det før, og seier det att: På Voss skal topp og breidde gå hand i hand innan kultur og idrett. Det gjev oss høgdepunkt både individuelt og i saman.

Voss Ap vil

- arbeida for å styrkja Voss som ein attraktiv stad for nasjonale og internasjonale kultur- og idrettsarrangement
- sikra realvekst i tilskota til lag og organisasjonar
- auka tilbodet i kulturskulen
- fullføra Voss kulturhus (Gamle-kinoen).
- fremja god nynorsk språkbruk i kommunen
- vidareføra ordningane med gratis bruk av skulane på kvardagar og ljøs i alle idrettsanlegg
- fremja ein tett dialog mellom kommunen og dei kommunale kultur- og idrettsråda.
- etablera ei nemnd som kan gje faglege råd i samband med kunst i offentlege rom
- halda fram ordninga med utleige av el-syssel og få på plass ei permanent utleigeordning for syssel.

Ein aktiv inkluderingspolitikk

Me blir stadig fleire vossingar, og mange av dei nye innbyggjarane kjem frå andre land.

Dette krev at me fører ein aktiv inkluderingspolitikk.

Det handlar om at me sikrar at me kan ta i bruk dei ressursane som er tilgjengelege, og at me legg til rette for at folk kan leva fullverdige liv på Voss. Den avgjerande faktoren er språk.

Voss Ap vil

- vera ein pådrivar for tidleg barnehagestart for å fremja tileigning av språk, leik og kunnskap som grunnlag for etablering av nettverk og venskapsrelasjonar
- etablere eit kurstilbod for foreldre med fokus på kva verdier som vert vektlagde i vårt samfunn – i barnehagar, skule og i barneoppseding generelt, og kva som skal til for å få borna til å trivast i ein ny kultur
- støtta frivillige organisasjonar og deira rolle som viktige møtestadar og inkluderingsarenaer.
- gjennomføra eit særskilt prosjekt på Kulturskulen for born frå minoritetsgrupper og andre norske born, som eit samarbeid på tvers av kulturar
- sikra tilbodet for einslege mindreårige ved Voss barneheim (EM-tiltaket)
- sikra at kommunen framleis arbeider aktivt med å rekruttere arbeidstakarar med innvandringsbakgrunn, og samarbeida med næringsliv og organisasjonar i arbeidslivet for å fremja slik rekruttering

Ein god oppvekst



Voss kommune skal i endå større grad vera ein aktiv skule- og barnehageeigar, med ansvar for born og unge sine oppvekstvilkår.

Store strukturendringar er gjennomførte, slik at

tida no er inne til å fokusera på innhaldet i skulen.

Vidare må me ha blick for at det vert fleire som skal gå i skulane og i barnehagane våre. Nok plassar og nok personell må bli satsingsområde framover.

Voss Ap vil

- auka talet på tilsette i barnehagane
- styrkja barnehagane og skulane gjennom nybygg og rehabilitering.
- sikra at alle skular og barnehagar i Voss kommune har eit forsvarleg inneklima
- auka ressursane i skulen til utstyr, lærartimar og gruppedeling.
- stimulera ungdomsmiljøet ved å halda oppe gode kultur- og idrettstilbod, og sikra drift av det nye ungdomshuset.
- prioritera tidleg innsats i barnehagen og grunnskulen for å sikra at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring
- at Voss skal vera ein god vertskommune for elevar i vidaregåande skule
- styrkja barnevernet sitt akuttarbeid, og arbeida langsiktig og førebyggjande med å gjere tersklane lågare for å kontakte barnevernet.

Eit levedyktig landbruk



Voss er den største landbrukskommunen i Hordaland, og landbruket er ei av dei største næringane i kommunen.

Me har lange og stolte tradisjonar som me må

ta vare på, både som landbruksbygd og foredlar av landbruksprodukt.

Eit aktivt landbruk ivaretek også det vakre kulturlandskapet me alle set pris på.

Voss Ap vil

- arbeida for at dei landbrukspolitiske verkemidla i større grad vert tilpassa det typiske Vestlandsbruket.
- ha ei arealplanlegging som sikrar eit levedyktig landbruk
- gjera kommunen til ein aktiv medspelar for bøndene ved søknadar om endring og tilpassingar.
- stimulera til nysatsing og produktutvikling gjennom tenestene til Voss Næringshage.
- auka bruken av lokale produsentar og produkt i kommunale kantiner
- fremja sal av kortreist mat ved å gjera Torget til marknads- og møteplass, der lokale matprodusentar kan tilby varene sine
- leggja til rette tiltak som "Inn på tunet", der landbruket bidreg innan helse, omsorg og utdanning.

Ei klimavenleg framtid



Hausten 2014 kjende me klimaendringane på kroppen, og forskarane seier at det blir større flaumar i framtida og dei vil koma oftare.

Klimautfordringa er her, og me må ta den på alvor. Me må gjera det me kan her på Voss, men me må òg tilpassa oss at verda endrar seg.

Klimautfordringa er den største utfordringa me står framfor, og me vil føra ein aktiv lokal klimapolitikk.

Voss Ap vil

- revidera Klima- og energiplanen og gjera den overordna alle andre planar
- at konsekvensane for miljø og klima skal utgreiast i alle saker der det er aktuelt
- fremja auka produksjon og bruk av biogass og bioenergi
- vil stimulera til klimavenlege val innan bustadbygging både for nye huskjøparar og entreprenørar
- at alle kommunale nybygg skal byggjast på berekraftige prinsipp
- laga eigen plan for sykkelstiar og tiltak for å fremja auka bruk av sykkel
- at kommunale bilar vert skifta ut med bilar drivne av fornybar energi der det ikkje er praktiske hinder for dette
- byggja ny Tintrabru for å letta ferdsel til sentrum utan bil.

Våre kandidatar

1. Hans-Erik Ringkjøb
2. Bjørg Djukastein
3. Klaus Skjeldal
4. Marit Wæhle
5. Stein Helge Mandelid
6. Karethe Lunde
7. Arne Toivo Fjose Sandberg
8. Siv Anita Jønsson
9. Thomas Trettenes
10. Petra Støyva
11. Erik Østlie
12. Mona Bystøl
13. Lars Møsefinn
14. Torgunn Hegland
15. Dusko Lukic
16. May Røssland
17. Egil Selvåg
18. Linda Monsen Merkesdal
19. Lars Hukom
20. Tove Nordli Ødegård
21. Anders Fenne
22. Rannveig Dagestad
23. Helge Nævdal
24. Nina Villa Drønen
25. Ørjan Myrmel
26. Anne Lene Hagatun
27. Kjell Erik Ruud
28. Line Beate Ødegård
29. Rune Rogde
30. Danijela Komljenovic
31. Magnus Fjereide
32. Ann Karin Atterås
33. Kjell Hernes
34. Julia Skjeldal
35. Jan Georg Daae Hansen
36. Gerd Mandelid
37. Bjørn Sandnes
38. Laila Vollan Mandelid
39. Knut Opheim
40. Kronghaew Khaomanit
41. Einar Melve
42. Olaug Kyte
43. Atle Bilsback
44. Bjørn Christensen



**BLI
MED**

**SEND NYMEDLEM AP TIL
1980 FOR Å MELDE DEG INN**